



DEN NORSKE KYRKJA

Askvoll sokneråd

Møteprotokoll for Askvoll sokneråd

Tid: 26.03.2015 kl. 15:15-18:45

Stad: ASKVOLL

Frammøtte:

| | | |
|-----------------------|------------|-------------------|
| Ole Andreas Myrstad | Leiar | |
| Anne Grethe Lien | Nestleiar | Sakene 10-13 |
| Jostein Vidar Takle | Medlem | |
| Linda Karin Solheim | Medlem | |
| Reidun Melvær Norheim | Medlem | |
| Stein Hugo Fykse | Medlem | Sakene 10-16 |
| Arne Fedøy Medlem | Medlem | |
| Jorunn Ringstad | Medlem | Sakene 8-13 og 16 |
| Åge Guddal Medlem | Medlem | |
| Else Stølen | Varamedlem | |
| Knut Arne Kummeneje | Varamedlem | Sakene 8-9 og 16 |

Forfall:

| | |
|-----------------------|--------|
| Kari Berit Ness | Medlem |
| Inger Lise Saltskår | Medlem |
| Oddvar Reidar Indrebø | Medlem |

Møtande frå administrasjonen:

| | |
|-------------|-------------|
| Rune Ziener | Kyrkjeverje |
|-------------|-------------|

Saker handsama på møtet:

| Saksnr | Uoff | Tittel | Sh |
|------------|------|---|----|
| SR 2015/8 | | Godkjenning av innkalling og sakliste | RZ |
| SR 2015/9 | | Godkjenning av protokoll frå møte 14.01.2015 | RZ |
| SR 2015/10 | | Skriv og meldingar | RZ |
| FR 2015/11 | | Kjøp av konsulenttenester og byggeleing på prosjekt 1003: Sikring mot Bakkeelva | RZ |
| FR 2015/12 | | Kvammen kapell. Utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføre konkurranse. | RZ |
| FR 2015/13 | | Internkontroll | RZ |
| FR 2015/14 | | Årsrekneskap og årsmelding 2014 | RZ |
| SR 2015/15 | | Vegval for framtidig kyrkjeordning | RZ |

Askvoll, 27.03.2015

Rune Ziener
Ref.

SR 2015/8 Godkjenning av innkalling og sakliste

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste som dei ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner innkalling og sakliste som dei ligg føre.

SR 2015/9 Godkjenning av protokoll frå møte 14.01.2015

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 14.01.2015 som den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godkjenner protokollen frå møtet 14.01.2015 som den ligg føre.

SR 2015/10 Skriv og meldingar

UTGREIING

Følgjande skriv og meldingar vart lagt fram:

M 08/2015 - Askvoll kommune: *Utviding av Askvoll gravplass, gnr 22 parsell av bnr 3 - krav om utsett iverksetting jfr § 42 i fvl. (03.02.2015)*

M 09/2015 - Fylkesmannen i Sogn og Fjordane: *Krav om utsett iverksetting av tiltak på gbnr 22/3 i Askvoll kommune (04.02.2015)*

M 10/2015 - Askvoll kommune: *Utviding av Askvoll gravplass gnr 22 parsell av bnr 3 -underretning om mottatt klage (20.02.2015)*

M 11/2015 - Leiarlønn forhandlingsprotokoll

M 12/2015 - Arbeidsmiljøgruppa: Møte AMG 19.01.2015

M 13/2015 - Kyrkjelydsutval Askvoll: Møtereferat 12.02.2015 (19.02.2015)

M 14/2015 - Kyrkjevevja: Diverse meldingar:

- Statusoppdatering Holmedal kyrkje

- Statusoppdatering Askvoll gravplass

- Lyssetting ved Vilnes kyrkje

- "Vegvalskonferanse" fylkeskonferanse 22. april i Førde.

M 15/2015 - Gudstenestereforma i Bjørgvin - Evaluering

M 16/2015 - Opprykk av varamedlemmer til soknerådet. 2.-5. vara rykker opp ein plass.

M 17/2015 - Drøfting - Stongfjorden kapell

- Evt. Merknad frå Jorunn Ringstad at ein skal legge ved møtereferat frå AU i soknerådsmøta.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd tek dei framlagde skriv og meldingar til orientering.

FR 2015/11 Kjøp av konsulenttenester og byggeleiing på prosjekt 1003: Sikring mot Bakkeelva

UTGREIING

Jf. meldingssak M 2015/02 er det gitt tilsegn om NVE-tilskot for prosjekt 1003: Sikring mot Bakkeelva. Sivilingeniør Edvin Helle AS har gitt tilbud om prosjektering (anbudsprosess, byggemelding) og byggeleiing med fastpris.

Fastpris ligg omtrent på budsjetttramme, altså kr 109.000,- eks. MVA, der budsjettsum er kr 104.000,-.

Kjøpet er protokollpliktig i og med at det overskrir kr 100.000,-.

For å sikre konkurranse på dette, er anna tilbydar kontakta med tilbudsfrist 6. februar. Tilbudsfristen vart munnleg utsett til veke 7, men ein har ikkje motteke noko tilbud.

Dermed ligg det føre berre eitt tilbud.

Etter økonomireglement for Askvoll sokn § 3-3 skal enkeltanskaffelser leggest fram for Askvoll sokneråd for godkjenning.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd godtek tilbudet frå Sivilingeniør Edvin Helle AS om kjøp av konsulenttenester og byggeleiing til prosjekt 1003: Sikring mot Bakkeelva.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd godtek tilbudet frå Sivilingeniør Edvin Helle AS om kjøp av konsulenttenester og byggeleiing til prosjekt 1003: Sikring mot Bakkeelva.

FR 2015/12 Kvammen kapell. Utarbeiding av konkurransegrunnlag og gjennomføre konkurranse.

UTGREIING

Askvoll sokn har motteke justert tilbod (av 26.01.2015) frå Norconsult AS på diverse konsulenttenester knytt til prosjektering og anbodskonkurranse for investeringsprosjekt på Kvammen kapell. Norconsult AS fekk opsjon på resterande prosjekteringsarbeid i 2014 (basert på tidlegare tilbod).

Justert tilbod er vesentleg dyrare enn tidlegare skissert, og kan, dersom tidsbruk i prosjekteringsarbeidet ville krevje timebruk i øvre omfang som skissert i, overskride terskelverdi for DOFFIN-utlysing.

Kyrkjevevja har kontakta KA-advokat for rådgjeving i saka vidare.

KA-advokaten meiner at Askvoll sokn ikkje er bunde av opsjonsavtalen, fordi premissa er vesentleg endra samanlikna med føresetnadene for aksepteringa.

KA advokaten rår soknet til å hente inn alternative tilbod, og ta ei ny vurdering av saka når desse ligg føre.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd nyttar seg ikkje av tilbodet av 25.01.2015 frå Norconsult AS om prosjekteringsarbeid på Kvammen kapell.
2. Ein hentar inn tilbod frå to andre tilbydarar.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd nyttar seg ikkje av tilbodet av 25.01.2015 frå Norconsult AS om prosjekteringsarbeid på Kvammen kapell.
2. Ein hentar inn tilbod frå to andre tilbydarar.

SR 2015/13 Internkontroll

UTGREIING

Etter arbeidsmiljølova § 3-1 skal arbeidsgivar i ei verksemd *"For å sikre at hensynet til arbeidstakers helse, miljø og sikkerhet blir ivaretatt, skal arbeidsgiver sørge for at det utføres systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid på alle plan i virksomheten"*.

Per i dag er det ikkje eit etablert og fungerande internkontrollsystem for verksemda til soknet, og dette må ein ha på plass.

Arbeidsmiljøgruppa har i møte 19.01.2015 gått gjennom kyrkjevevja sitt utkast til HMT-handbok for verksemda (AMG-sak 03/2015), og tilrår at ein tek i bruk handboka. Delelement i handboka er allerede innført i verksemda.

Handboka har ei tredeling med følgjande element:

- Systemskildring, organisering og planlegging
- Verktøy for kartlegging/avdekking av avvik
- Rapporteringssystem

I og med at dette i så fall vert eit nyinnført system, bør ein ta høgde for at det kan verte gjort mindre justeringar i handboka for å sikre eit godt fungerande internkontrollsystem.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek forslag til HMT-handbok som den ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Kyrkjevevja har fullmakt til å gjere mindre justeringar i handboka.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek forslag til HMT-handbok som den ligg føre i forslaget frå kyrkjevevja.
2. Kyrkjevevja har fullmakt til å gjere mindre justeringar i handboka.

FR 2015/14 Årsrekneskap og årsmelding 2014

UTGREIING

Etter Forskrift om økonomiforvaltningen for kirkelige fellesråd og menighetsråd i Den norske kirke § 5-1, 4. ledd, skal rådet sjølv vedta årsrekneskapen, og vedtaket skal angi disponering av evt. mindreforbruk/dekking av evt. meirforbruk.

Årsrekneskapen for Askvoll sokn er lagt fram av kyrkjevevja.

Totalt har ein eit mindreforbruk i driftsrekneskapen på kr 74.935,- og har vidare kr 98.790,- udisponert i investeringsrekneskapen.

Soknerådet står fritt til disponering av overskotet i drift.

Kyrkjevevja tilrår at overskotet vert avsett til disposisjonsfond, og ein kan seinare vurdere om ein skal disponere dette eller delar av dette til anna formål, f.eks. til rehabilitering av Kvammen kapell.

Udisponert beløp i investeringsrekneskapa skal nyttast til investeteringsføremål, og kyrkjevevja tilrår at dette vert avsett til ubunde kapitalfond, og at ein seinare kan vurdere kva prosjekt dette skal nyttast til (t.d. Kvammen kapell).

Ein får då slik budsjettendring for 2015:

| DRIFTSBUDSJETT | | Utg. opp/ innt.ned | Utg.ned/ innt.opp |
|----------------------------|--|-----------------------|----------------------|
| 35400.200.04100.000.0000.0 | Avsetnader til disposisjonsfond | 75.000,- | |
| 39300.200.04100.000.0000.0 | Bruk av tidl. års rekneskaps mindreforbruk | | -75.000,- |
| | Sum | 75.000,- | -75.000,- |

| INVESTERINGSBUDSJETT | | Utg. opp/ innt.ned | Utg.ned/ innt.opp |
|----------------------------|--|-----------------------|----------------------|
| 45400.200.04100.000.0000.0 | Avsetnader til ubunde kapitalfond | 99.000,- | |
| 49300.200.04100.000.0000.0 | Bruk av tidl. års rekneskaps mindreforbruk | | -99.000,- |
| | Sum | 99.000,- | -99.000,- |

Kyrkjevevja har vidare utarbeidd forslag til årsmelding for 2014.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap for 2014 slik det ligg føre.
2. Askvoll sokneråd vedtek årsmelding for 2014 slik den ligg føre.

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd vedtek årsrekneskap for 2014 slik det ligg føre.
2. Askvoll sokneråd vedtek årsmelding for 2014 slik den ligg føre, men med dei justeringar og korreksjonar som vart sett fram i møtet.

SR 2015/15 Vegval for framtidig kyrkjeordning

UTGREIING

Våren 2015 er det høyring på kyrkjeordningsspørsmålet. Kyrkjerådet har utarbeidd høyringsskrivet "Vegval for framtidig kyrkjeordning" (i fullversjon og kortversjon) med 27 enkeltspørsmål. Høyringsfrist er sett til 15. mai.

Dokumentet er relativt omfattande, og høyringssaka er svært viktig for framtidig ordning for Den norske kyrkja.

For å få ein god lokal prosess til høyringa kan ein utpeike eit ad hoc-utval som førebur saka for soknerådet.

Endeleg handsaming av saka skjer i soknerådsmøtet 07. mai.

INNSTILLING

1. Askvoll sokneråd utpeiker eit ad hoc arbeidsutval til høyringa "Vegval for framtidig kyrkjeordning", som gir innstilling til Askvoll sokneråd før 07. mai.
2. Utvalet vel sjølv arbeidsform.
3. Utvalet er sett saman av følgjande medlemmer: xxx

MØTEHANDSAMING

SAMRØYSTES VEDTAK

1. Askvoll sokneråd utpeiker eit ad hoc arbeidsutval til høyringa "Vegval for framtidig kyrkjeordning", som gir innstilling til Askvoll sokneråd før 07. mai.
2. Utvalet vel sjølv arbeidsform.
3. Utvalet er sett saman av følgjande medlemmer:

- Ole Andreas Myrstad
- Anne Grethe Lien
- Stein Hugo Fykse
- Rune Ziener

Gruppa kan verte supplert med fleire medlemmer i etterkant.